



Magne Huglen var ikkje heldig då han skulle få den skada brua over Dønughølen på plass att, men torsdag freistar han påny og då er det ein tidlegare fergelem som skal bli til bru, fortel Huglen som håpar på betre lukke denne gongen.

Over kjem fergelemmen til Børnes tidlegare i år

Dei gamle bruelementa ved hølen er no knust og skal mellom anna nyttast som fyll og oppbygging i samband med brua. Dette arbeidet har Haugland Maskin utført.

Torsdag føremiddag vert den nye brua frakta på trailar med politiekskorte opp til Dønhaughølen frå Børnes, Brua blir 4 meter brei og 15,5 meter lang og veg rundt 18 tonn. Det kjem kran frå Stord som skal lessa brua på trailaren og løfta konstruksjonen på plass over elva.

Konstruksjonen har lege klar sidan september men dei har venta på turt ver og frost for å kunna køyra over bakkane på Holmen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen